

Georg Sverdrup

AV

ASBJØRN ØVERÅS

(Foredrag på Høytidsdagen 26de februar 1966)

I grunnen er det vel nærast litt av ei forsøming at først i år — det burde i minsto ha vore ved 150-årsjubileet i 1964 — at DKNVS gjev dagsens heidersrom til ein av dei store Eidsvollsmenn som var medlem av selskapet vårt. Ved sida av Georg *Sverdrup* tenkjer eg då især på Christian Magnus *Falsen*, på Wilhelm Frimann Koren *Christie*, på Nicolai *Wergeland*, på Johan Herman *Wedel Jarlsberg*, på Jacob *Aall*, alle innvalde åra 1811 til 1824, Wergeland i 1811, noko som fullvisst heng saman med kampen hans for norsk universitet, især for prisskriftet «Mnemosyne» i 1811. Elles hadde han teologisk embetseksamen med *Laudabilis cum egregie*, med høgste utmerking, og gullmedalje for ei avhandling ved Københavns universitet. Ja, sjølve *Henrik Wergeland*, så nær han og selskapet kom kvarandre til slutt, står enno på ventelista. Hadde ikkje talaren klikka for oss eit år, hadde nok elles han hatt sin minnemedaljong. Men selskapet har mange rike år framfor seg til å ære sine mange store medlemmer.

At Georg Sverdrup kjem først av Eidsvollsmennene våre, er naturleg nok, av fleire grunnar: 1) Han var trønder og derfor også student frå Trondheim katedralskole, ein av dei mest evnerike elevane skolen har hatt og stor i namn og gagn. 2) Han var den grunnlærde vitskapsmannen mellom Eidsvollsmennene, og med ein posisjon i samtida som berre få av våre universitetsprofessorar nådde. Han var ein av dei store oppsedarane av den generasjonen vi gjerne kallar 1814-generasjonen, dei som bar fram det viktige nasjonale gjennombrøtet i 1830-50-åra, mellom dei vår mektige preses rektor Fredrik Moltke Bugge og sjølve Henrik Wergeland. 3) Både i Christian Krohgs presestid (1820-28) og i Bugges presestid 10-12 år seinare stod han nær DKNVS, som ven og konsulent og trønder. 4) Den sterke posisjon han fekk i folket etter Notabelmøtet på Eidsvoll 16. februar 1814, då han i opne ord overtydde Kristian Frederik at no galdt ingen arverett lenger, men det norske folks vilje, og sidan, då han som president 17. mai 1814 kunngjorde Eidsvollsverket som fullført. Vi kjem attende til alt dette.

5) Endeleg bør det på denne æresdag for Georg Sverdrup bli mint om at han, så vidt eg kan finne, er den einaste medlemen i DKNVS som er innvald to gonger, første gongen som professor i gresk ved Københavns universitet 2. april 1812, andre gongen som professor i klassisk filologi ved Universitetet i Oslo, samstundes med Christie, 26. juni 1820. Eg nemner dette som ein kuriositet. Det er helst berre ein lapsus og har knapt nokon ting å gjere med Sverdrups overflytting frå Danmark til Noreg. Dei hadde neppe slike nitide listeførarar over medlemene i selskapet då som vi har hatt i generalsekretærane professorane Schmidt-Nielsen og Ole Peder Arvesen med sine vel ajourførte namnelister!

Det er ei forunderleg frodig, evnerik og viljesterk ætt Georg Sverdrup høyrer til, som ein må kunne seie toppar seg i brørne Georg og Jacob Liv Borch Sverdrup, den store pioneren i norsk jordbruk og jordbruksopplæring — også medlem i Selskapet — og dessutan i sonen hans, Johan Sverdrup. Og ei rekkje andre framskotne menn i ætta fyller vår historie fram til våre dagar; det er så mange av dei at eg berre må vise mine damer og herrar til å orientera seg nærare om ei rekkje av dei t. d. i eit større leksikon.

Det har vore sagt at stridsvilje er eit ættemerke. Dei er kampnaturar, som bryt seg fram og rydjer sine eigne vegar. Og dei er allsidigare i evner og yrke enn noka anna slekt i landet (Koht). Dei er teologar, juristar, filologar, ingeniørar, kunstnarar og vitenskapsmenn på mange område, m. a.: polarforskarar (Otto Sverdrup), meteorologar, oseanografar av verdsformat (H. U. Sverdrup, 1888–1957), språkgranskarar og religionshistorikarar, jordbrukspionerar, praktisk og teoretisk (J. L. B. Sv. og dottersonen landbruksdirektør Jonas Smitt) og elles sterkt infiltrerte i det praktiske liv.

Det er grunn til å sjå litt på ætteopphavet til all denne åndelege og kroppslege frodigskapen.

Namn og eldste ættfar fører attende til Haderslev i Sønder-Jylland. Futen Peder Michelsen (Sverdrup) er komen derifrå til Halden (Idd og Marker) i 1620. Ein son og soneson vart mektige prelatar i Vang på Hedmark i over 50 år, dit òg ein annan son, *Anders*, kom, som forvaltar for store kyrkjegods, og budde på Stor-Hamar kongsgard. Tre av dei 5 borna hans hamna nordanfjells. Den eine, Else, vart gift med Lorentz *Angell*, bror til Thomas *Angell*, og far til Karen *Angell*, som i 1752 vart gift med historikaren og ein av grunnleggjarane for dette selskapet, Peder Frederik *Suhm* (1728–98). Men sjølve ættfaren til våre Sverdrupar nordanfjells var bror til Else, *Jørgen Sverdrup* (1671–1732), gift med Margrethe *Angell* (1690–1779), dotter av lagmann på Helgeland, *Peder Angell*, bror til Lorentz *Angell* i Trondheim. Det vart såleis ein sterk infiltrasjon i *Angell*-ætta, og det blir rekna med at det var ikkje berre sambandet med desse mektige kjøpmennene *Angell* i Trondheim som skaffa *Jørgen Sverdrup* hans svære godsforvaltning på Helgeland, med bustad på Nord-Herøy, men også tilførte Sverdrup-ætta ein stor del av den vitalitet og livskraft ho fekk: *Margrethe Angell* høyrde til ein syskenflokk på 15, og sjølv fekk ho 14 born på 21 år med *Jørgen Sverdrup* —

rett nok vart berre 8 vaksne, 4 søner og 4 døtrer. Ho vart òg m. a. farmor til den kjende teologprofessor *S. B. Hersleb*, som såleis var tremenning av statsminister Johan Sverdrup. *Hersleb* stod òg heile livet nær professor Georg Sverdrup i hans nasjonale politikk. Båe var dei vener av Grundtvig.

Av dei 4 sønene til *Jørgen Sverdrup* og Margrethe *Angell* studerte to jus og to teologi. Velstandsmannen *Jørgen Sverdrup* på Herøy hadde råd til å gje gutane sine utdanning. Lorentz (med *Angell*-namn!), seinare sokneprest til Nesna, vart òg gift inn i *Angell*-ætta (*Ovidia Angell*). Men viktigast for vårt arbeid er ekteskapet til examinatus juris *Peder Jacob Sverdrup* (1728–1795). Han vart i 1761 gift (andre gongen) inn i den både søkkrike og evnerike Romsdals-futeslekta som især *Ivar Andersson* og *Morten Schultz* er representantar for. *Ivar Andersson* var gift med ei dotter til Bergens-bispen *Munthe*, og dottera *Iverisse* vart gift med *Morten Schultz*, og vart foreldre til Georg Sverdrups mor *Hilleborg Margrethe* (1742–1829). Dermed vart Georg Sverdrup også tremenning til *Ludvig Holberg*, også dotter-dotter-son av biskop *Ludvig Munthe*, som *Holberg* elles vart namnesett etter.

Det kan nemnast i denne samanhengen at ein av sønene til futen *Ivar Andersson* i Romsdal var den kjende rektoren *Anders Ivarsson Borch* (1664–1709) ved Trondheim katedralskole, rektor til gitar som *Thomas von Westen*, *Thomas Angell* og *Peter Wessel* (*Tordenskjold*). Professor *Oluf Borch* i København, den grunnlærde universitetslæraren hans og som han også budde hos, hadde «foræret» *Anders Ivarsson* sitt namn «til Anmindelse». Rektor *Borch* var ein av dei lærdaste latinarar i si tid, den som gjerne vert kalla «det lærde tidsrom», og vide kjend ute i Europa blant latinlærde. Han var den einaste nordmann som føre frenden sin, *Holberg*, hadde «opvakt no genslags Attention hos exteros (utlendinger) til at dømme honorifice om Nationen i henseende til Erudition (lærdom)», som prof. *Hans Gram*, *Holberg*s kjende samtidige, ordla seg. På farsida var rektor *Borch* elles tremenning med menn som *Petter Dass* og syskenbarnet hans, den lærde og mektige hoffpresten i Kbh., dr. theol. *Peder Jespersen*. Det er altså søster til denne lærde rektor *Borch* her i Trondheim, *Iverisse Schultz*, som er mor til *Hilleborg Margrethe Schultz*, mor til Georg Sverdrup og bestemor til Johan Sverdrup. Ho var som nemnt andre kona til *Peder Jakob Sverdrup* og 14 år yngre. Det var denne *Schultz*-arvingen frå Romsdal som skaffa mannen storgarden *Lauga* i *Nærøy*, i våre dagar delt i ca. 20 bruk, og dessutan 14 born, mellom dei døtrene *Hilleborg Margrethe*, ættmor m. a. til statsminister i Stockholm (i *J. Sverdrup*s regjering) *Jacob Stang* og sonen statsråd oberst *Georg Stang*, *Margrethe Angell* som var gift med sokneprets *Edv. Quale*, *Christiane Cathrine*, gift med kaptein *Otto Cold*, og endeleg *Elisabeth* (ugift, 1773–1865). Av sønene var Georg eidst (nr. 3) og *Jacob Liv Borch* og *Ulrich Frederik Suhm* yngst i syskenflokk. Den siste overtok *Lauga* og vart m. a. ættfar til polarforskarer *Otto Sverdrup*. Det var infiltrasjon i fleire framskotne ætter både i og utanfor Trøndelag, sjølv sagt, men eg har teke med dette for å syne korleis slektskrafta har samla

seg, åndeleg og kroppslig, til å bere fram så mange verdfulle kvinner og menn for landet vårt.

Men det er ikkje berre *arv* det kjem an på. Skål arveelementa kome til sin rett, fram til dag og utfaiding, er *miljøet* like viktig. I alle desse slektene toldest lite søt lediggang, kvardagslivet var enkelt, ofte hardt puritansk, og trott og framtaksvilje er særmerkt for alle slektgreinene. Dette ser vi tydeleg når vi studerer Georg Sverdrup og syskena og heimen hans.

Først nokre ord om Georg Sverdrup, eigenleg døypt *Jorgen*, men han græciserte namnet sitt på same vis som Niels Wergeland tok den greske forma Nicolai, mykje vanleg i den tida. Georg var fødd 25. april 1770 på Lauga, om lag midt i syskenflokk. 10 år gammal vart han send til slektningen, presten *Jens Hersleb* i Brønnøy for å få privatundervisning, slik skikken var for landsborn den gongen. Det vart ringe studeringa hos gammalpresten, men då han, etter ha vore der i 4 år, fekk *Erik Colban*, ein ypparleg pedagog, til personell-kapellan, vart det fart og framgang i opplæringa. Etter 7 år på Brønnøy kom så unge Georg til katedralskolen og gjekk 2 år i meisterlektien. Han vart dimittert til ex. art. i København og fekk laud. Det var revolusjonssommaren 1789, ei hending som tydeleg har merkt han for livet, i liberal lei. Han tok andreeks. året etter og filologisk embetseksamen, «den store Skole Embedsexamen», i mars 1798, bære med utmerking. I studietida vanka han fast hos den lærde P. F. Suhm, som vi hugsar var gift med Karen Angell, og med tilråding frå Suhm (som elles døydde dette året), reiste han deretter til det kjende Georg August-universitetet i Göttingen og heldt fram med sitt studium, især filologi og filosofi, i halvtanna år. Han vart kjend med ei rekkje framskotne tyske lærde, mellom dei den verdskjende klassiske filologen Chr. Gottlob *Heyne*, som især styrkte Sverdrups interesser for både gresk og nordisk mytologi, arkeologi og fortidsliv i det heile. Dessutan var Göttingen frå 1770-åra eit sentrum for dei unge Sturm- und Drang-diktarane og for Göttinger Dichterbund med sin kamp mot opplysningstida sine fornuftskrav på kjenslelivet sin kostnad. «Was ich weiss, kan jeder wissen, aber mein Herz habe ich allein». Dei var individualistar og stemningsmenneske, ting som høvde ikkje minst Georg Sverdrups mykje labile sinn. Parallelt med Sturm- und Drang-straumdraget gjekk den nyhumanistiske andstraumen som òg greip Sverdrup så sterkt. I det heile kom han her i kontakt med så mykje nytt i tida, då Tyskland, nett midt oppe i si største politiske fornedring, var ei stormakt å seie i diktning, musikk og kunst, filosofi, teologi og vitskap i det heile.

Sverdrups plan var å dra vidare til Frankrike frå Göttingen, til Paris, som desse ti åra sidan han vart student, hadde uroa slik verda med sine radikale idear både i politikk og på andre område. Sverdrups trong til orientering i desse studieåra synest mest å ha vore umetteleg. Men så fekk han tilbod om ei overlærarstilling ved Oslo katedralskole, dit han straks drog, glad han var for å vende heim, norsk-norsk han var som alle andre studentane våre i København, ja, meir enn dei andre. Då han både var «en smuk, beleven, munter og vittig» herre

(Conradine Dunker), så vart han ein søkt selskapsmann i dei høgste krinsar med den søkkrike kunstelskande patriotten Bernt Anker til sentrum. Like vel. I 1803 barst det attende til København, som overlærer ved Metropolitanskolen og til ei adjunktstilling i gresk ved Universitetet. To år etter vart han professor, og året etter innbeden medlem i Det skandinaviske litteraturselskap, som då spela ei viss rolle i nordisk åndsliv. I krigsåret 1807 — vi hugsar alle «Flåteranet» til engelskmennene — var han sterkt engasjert i studentane sitt Livjegerkorps, kaptein og sjef for 7. kompani med lektor *Adler* til sersjant. Og venen deira, *Christian Magnus Falsen* var kaptein og sjef for 3. kompani. Her møter vi såleis alt no 3 av dei viktigaste grunnlovsmakarane på Eidsvoll, no i kamp for det felles dansk-norske fedrelandet, i dette høve flåten, som for største delen var norsk. Vi hugsar at det Adler-Falsenske grunnlovsframlegget vart lagt til grunn for drøftingane på Eidsvoll, men Sverdrup, saman med den gløgge generalauditør *Bergh*, kom òg med sitt grunnlovsutkast, i sitt innhald i samsvar sjølv sagt med det syn han elles stod for.

Då universitetssaka kom opp att, var Sverdrup naturleg nok sterkt engasjert i denne. Hans kjæraste tanke var å få vere med å byggje opp det nye universitetet vårt, og lova alt i førevegen å koma — utnemninga skjedde først 13. jan. 1813. Det kom ikkje i gang før. Faget var framleis gresk, men han skulle òg førelese i latin til det fekk eigen latinprofessor. Og samstundes tok han på seg å vera universitetsbibliotekar, års-løn 100 tunner bygg — til kvar tid omrekna i spd. (ca. 300). Professor var han til 1841, bibliotekar til 1845.

Niels Treschow, professor i Kbh. i filosofi, vart samstundes også overflytt til Oslo, der han, etter si konrektortid i 1770-åra i Trondheim og ein rektorperiode i ein dansk skole, hadde vore rektor ved Oslo katedralskole. Før avreise til Oslo heldt studentane ein dundrande farvelfest for desse to. Det heiter at det var ikkje den lærde klassiske filologen dei først og fremst hylla. Det var for alle sine nye, rike synsmåtar om «Poesi, Filosofi og Theologi» han var så avhalden av studentane. Vi veit han elska den nasjonale filosofidiktaren Fichte, han var sterkt oppteken av Goethe og Schillers diktning, naturleg nok på ei vis samtidige dei òg var (G. d. 1832, Sch. 1805), Schellings nye romantiske naturfilosofi, som fekk så mykje å seie i åndslivet den gongen, Schleiermachers like viktige teologisk-filosofiske arbeid, og sjølv sagt Kant og Hegel. Sverdrup var sterkt oppteken av dei alle. — Til festen laga A. *Flint* koparstikk-portrett av dei bære, den unge dikteren *Ingemann* laga festkantate for dei, og den seinare soknepresten i Øyestad, A. *Bonnevie*, ein evnerik kar, men dreiv det ikkje særleg langt, heldt festtalen. Vi merkar tydeleg at Sverdrup har utvikla seg til ein herre i åndsens verd, med større oversyn og rikare kunnskapar enn sine fleste samtidige i fellesrika. Hans omgang var då òg tida sine fremste menn, Steffens, Grundtvig, Ingemann, Sibbern, Treschow o. fl. Det bør nemnast at Sverdrup vart gift i 1804, med ei dame frå Treschow-familien, *Petronelle Marie*, både farfaren og faren norskfødd, men no amtmannsdatter frå Roskilde.

Dette er i stutte drag den ytre livssoga til Georg Sverdrup, fram til 1814 — til han får sin viktige førarskap i vårt folks demokratiske og nasjonale framvokster.

Den heimen Georg Sverdrup kom frå og foreldra hans gjev systera Elisabeth ei levande skildring av på sine gamle dagar (L. Daae. Mrgbl., nr. 8, 1896). Ho var tre år yngre enn Georg: «Som Følge af, at mine Forældre troede, at man ikke kunde blive et retskaffent Menneske, uden at have havt en stræng Opdragelse, var min Opdragelse stræng, for ikke at sige haard, saa at mine Barndomsdage var mindre enn blide. Kun Erindringen om de Tider jeg fik Tilladelse at tilbringe i min kjære Søster Christiane Colds Selskab, gjør at jeg kan tænke paa dem med Velbehag, gjør at jeg kan sige at have smagt Barndommens Glæder. Uagtet vi begge vare i vore Forældres Huus og boede under et Tag, vare vi dog meget afsondrede fra hinanden. Hun var næsten bestandig hos min Mormoder» (Hilleborg Tanch Høyer, dotter til kjøpmann Ehm Høyer i Trondheim, gift med Jacob Schultz, Molde). Mormor Hilleborg hadde eit rom for seg sjølv, «hvortil jeg kun yderst sjelden havde Adgang, jeg derimod hos min Moder, der opholdt sig i Dagligstuen, der tillige var Spisestue, og der kom ikke min Søster uden i Spisetiden, hvor vi aldeles ikke måtte tale, uden vi blev udspurgte af vore Forældre om noget, og efter Aftensmåltiderne, men da maatte vi sidde tause og stille ved vores Arbeide. Lørdags Eftermiddagerne, naar vi havde lært den paafølgende Søndags Evangelium udenad, og Søndagerne fik vi Tilladelse at være hos hinanden (søstera berre eitt år eldre enn Elisabeth, Georg tre år). — Det despotiske, det tyranniske Aag, hvorunder jeg henlevede mine Barndoms- og tidligste Ungdomsaaar, indgav mig det dybe Had til allehaande Despotisme og Undertrykkelse, som har fulgt mig hele mit Liv igjennem og vist følger mig til Graven. Hvor ofte ønsket jeg ikke at afkaste Aaget! Intet er mig foragteligere end Trællesind, som intet er mig hæderværdigere enn ægte Frihedssind».

At ho heller ikkje vart nokon religiøs autoritetsdyrkar, skjønar vi godt når ho fortel om alt utanåtpugget ho og dei andre borna vart tvinga til, «efter Tidens Skik», som ho seier. «Da jeg blev konfirmeret, kunde jeg Luthers Katechismus, Pontoppidans Forklaring, flere af Davids og Kingos Psalmer tilligemed Evangelierne paa alle Helligdage udenad. I indenadlæsning øvedes jeg ved at læse høit for min Moder i Bibelen, Bibelske Kjerne og Birchs Bibelske Historie.»

Vi får tvillaust her eit instruktivt bilete av oppsedinga av borna i barndomsheimen til Georg Sverdrup — like mykje av han sjølv som av Elisabeth og dei andre syskena, endå gutane truleg fekk føre eit friare liv meir utandørs. Og det at dei alle kom ut for å få privatundervisning, Georg i 10-årsalderen og Jacob Liv Borch i 12-årsalderen, har vel òg verka til eit friare liv enn foreldremakta på Lauga skapte, jamvel om ein stort sett må rekna med dei same oppsedingformer overalt, ikkje minst i det religiøse, i presteheimane i Brønnøy og Sparbu, dit gutane kom. Sjølvstende og frilynde er i alle høve tydeleg hos dei fremste i syskenflokk, Georg, Jacob Liv Borch og Elisabeth, ho som budde ein stor part av

sitt liv hos broren Jacob Liv, far til statsministeren Johan Sverdrup, og kanskje også jamvel meir enn farbroren Georg kom til å stempla vår store statsmann med sitt frisinn og vidsyn og store historiske kunnskapar i alt stoff som galdt demokrati frå Athens perikleiske idealform fram til den franske revolusjonen. Ho las fransk og tysk og engelsk. Ho gjekk i gjennom Thiers's store franske revolusjonshistorie med den unge Johan etter kvart verket kom ut i 1820-åra. Schäfers trebands verk om «Demosthenes und seine Zeit», gåve frå Johan Sverdrup, var hennar yndlingslesnad i mange år, og ho gav sjølv ut ei skrift om «Grækernes Fortjeneste af Europas Oplysning, Frihed og Kultur». Ho var ei eldsjel, som dei mange gåverike innan den mangfaldige Sverdrupsætta. Ho hata alt autoritært, dette også religiøst sett, endå så rikt ortodoks eit presteskap denne ætta òg hadde. Ho studerte Strauss og Renan. Det var ikkje trua på Gud, men trua på menneska som bar livssynet hennar til ho døydde 92 år gammal. 90 år gammal skreiv ho til statsminister Johan Sverdrup: «Uagtet jeg bærer Graahaaretkronen, sværmer jeg for Frihed, Oplysning, ja for alt hvad der fremmer Menneskehedens Fremadskriden til Fuldkommenhed.»

Når ein meir samla har for auga denne syskenflokk, frå Lauga og etterkomarane deira — alt i 1852 heiter det, i eit familiebrev, om ein konservativ fut, at han mislikar alt som heiter Sverdrup (futen er Chr. Elster, Koht I, s. 27) —, så er det grunn til å tru at denne heimen òg må ha representert anna kulturkraft enn berre den opposisjonelle aggressiviteten mot streng religiøsitet og hard hustukt; for t. d. Jacob Liv Borch Sverdrup var på mange vis ein like fri og fargerik kulturpersonlegdom som Georg eller Elisabeth. Det er tvillaust *noko* Elisabeth har oversett i si heller mørke skildring av heimelivet på Lauga. Dei var alle personar med sterke kulturkrav i seg og vilje til å stetta dei. Og det var rimeleg at Georg var den som rikast fekk høve til å utvikla si åndskraft, og mest allsidig, ut ifrå sitt lange og grundige studium og store evner, og ut ifrå alle dei framskotne menn han til kvar tid kom i kontakt med. Han slutta tidleg, som nemnt, nært venskap med Henrik Steffens, N. S. Grundtvig og den dominerande unge danske filosofi-professoren Fr. Chr. Sibbern ved universitetet i Kbh., utnemnd i 1813. Dette var alle menn Georg Sverdrup ynskte han kunne få med seg som professorar ved vårt nye universitet i startåra. Sterkt oppglødd hadde han lenge vore for Fichte og hans inspirerte «Reden an die Deutsche Nation». Steffens var fødd i Stavanger, men fekk sine første barneår her i Trondheim, der far hans var regimentskirurg — mora var søster til Grundtvigs mor. Alle vart sterkt gripne av tida sine romantiske og nasjonale straumdrag, der fortida og historia spela ei sterk rolle. Endå Steffens reiste frå Trondheim berre 6 år gammal, seiast det at byen skal ha gjort eit ugløymande inntrykk på han, særleg Munkholmen «ofte indhyllt i taake, omskyllt av brusende bølger» og Nidarosdomen — «den halvt forfalne kirke med de store murer og øde rom» [Paasche, III, s. 2]. Her hadde Steffens og Sverdrup ein ekstra kontakt. Sverdrup, som endå sterkare hadde opplevd det same, lese om stordomstida til gamle Nidaros i siste Snorreomsetjing, frå 1757, og hadde

rektor Gerhard Schønings ånd og mangsididige nasjonale historiske arbeid friske og levande i sin hug. Farfar til kona hans hadde endåtil ått Lade! Det er ingen nordmann Georg Sverdrup står nærare i ånd, lynde og interesser enn Schønning, «Fedrelandsmanne» han alt i sin tidlege ungdom vart kalla; «fedrelandsmannen» ville nok òg ha vore den beste karakteristikken av Georg Sverdrup. «Norges Riiges Historie» såg Schønning som sitt viktigaste arbeid, eit programverk for det som var og koma skulle, det programmet som så mykje vart Sverdrups sak å vere med å realisere. Schønning arbeidde òg med ei utg. (dansk-latinsk) av Snorre eller Heimskringla, Georg Sverdrup dreiv i 1815 og samla inn pengar til ei ny Snorreomsetjing av Grundtvig etter opptak av «Norges Vel», og arbeidde samstundes vidare med spørsmålet om å få Grundtvig til Noreg som professor i historie. Endå han budde i hovudstaden, tala han sterkt på Eidsvoll for at Kongen skulle kronast i Nidaros-omen, slik det òg gjekk. Og det var han som i 1824 fekk Stortinget til å gje si første løyving til stipend for menn som ville studere fedrelandshistorie.

Det er så mange trådar som renn saman til å skape Georg Sverdrups nasjonale førarskap. «Næsten ingen mann står jevnbyrdig med Georg Sverdrup som typisk uttrykk for det norske program i 1814», seier prof. Koht med rette. (I. s. 29). Og det er lett å skjønne at møtet med menn som Steffens — som kjent var det han som førte den romantiske bærebløgja til Danmark og Norden i 1802–03, især med å fange inn A. G. Oehlenschläger og Grundtvig —, så fekk denne gåverike og kjensleware trønder med sitt sterke tradisjonssug i sitt sinn ei vigsling til si manndoms gjerning i vårt unge, uferdige rike, som vart så avgjerande i 1814 — og vart seinare like visst Wergelands, Johan Sverdrups og Bjørnsson veg vidare ut etter hundreåret — og norsk folkeveg i det heile fram til i dag.

Sverdrup var 44 år i 1814. Og hadde levd heile sitt liv i bøker og studium. Veneflokken sin hadde han blant diktarar og filosofar og grunnlærde filologar. Og no dett han å seie hovudstups og avgjerande inn i norsk politikk. Det var naturleg at han møtte på Notabelmøtet på Eidsvoll 16. februar. Han og prins Kristian Frederik var kjende alt frå København. Sams interesser for Noreg hadde ført dei saman. Og Sverdrup hadde god tru på prinsen — «en Prinds af ikke almindelige Prindsetalenter», sa han ein gong om han. Og då Sverdrup ordla norsk sjølvstendesyn så stutt og råkande på Notabelmøtet, var han heller trygg på at Prinsen var mann til å skjønne innhaldet: «Nu har Prindsen ikke større Ret til den norske Krone end jeg eller enhver anden Nordmand.» Når einvalds-kongen hadde gjeve frå seg suvereniteten han fekk i 1661, hadde ingen prins arvekrav lenger. Berre folkeviljen galdt. «Magti som fylgde sjølve mannen var det vel som, attmed det hjartevarme, hugtakande, klassisk formfine talarlaget hans som fekk prinsen til straks «overbevist at kaste sig i Sverdrups Arme», seier ein historikar (C. W. Schnitler, 1814). H. Koht ordlegg det slik: «Han kjente sig som selve folkets inspirerte repræsentant da han slynget ut disse byrge ord.» Når Sverdrup tala på Eidsvoll, seier Carl W. Schnitler, var det oftast stutte

tilsvar, «medan den djupe basen hans spraka av speande vitløye». Hans største tale på Eidsvoll galdt Eidsvollsgarantien, ein mektig forsvarstale for sjølvstendehisinga (Sjå A. Bergsgård: Året 1814, I). Medan Falsen var nærast kvass og aggressiv, var Sverdrup ein av dei godlyndte og humane i sjølstendepartiet. Stundom kunne denne «philosophiske Kjæmpe» vere vel abstrakt og teoretisk i innlegg og synsmåtar. På mange vis sette han merke etter seg på Eidsvoll, 1. representant frå Oslo, ikkje berre i dei store stunder, men òg i sjølve grunnlovsarbeidet. Også Falsens grunnlovsutkast hadde han gått igjennom før Eidsvollsmøtet. Og han fekk alle dei tillitsombod som Riksforsamlinga hadde. Han var såleis ein sjølvskreven medlem av konstitusjonskomiteen, og hans største stund i heile livet var tvillaust då han som president i Riksforsamlinga 17. mai 1814 kunngjorde sluttresultatet: «Reist er altsaa inden Norges Enemærker Norges gamle Kongestol, som Adelstener og Sverrer beklædte, og hvorfra de med Visdom og Kraft styrede gamle Norge.» Menn som Wergeland, Bjørnson og brorsonen Johan Sverdrup vart hovudmenn, som nemnt, til at Eidsvollsverket vart realisert. Kvart års 17. mai fortel om det.

Det er først og fremst med den vakne demokratiske og nasjonale førarskapen sin i 1814, saman med «den herlige Falsen», som han ei tid vart kalla — til han tapte sin posisjon med for mykje velvilje mot svenskekrav og Carl Johan — at Sverdrup vart folkehelt. Sverdrups uvilje mot svenskepolitikken var fast og varig. I røynda hadde han teke i mot så mykje i Danmark, av venskap, lærdom og åndskultur, at samhugen hans med danskane var sterk gjennom heile livet, men var inga hindring for hans faste sjølvstendepolitikk. Det var då såleis også rimeleg at han var sterkt engasjert i vakthaldet mot Sverige på stortinga 1818 og 1824. I 1818 var han president og visepresident i Stortinget, visepresident i Lagtinget, medlem av 19 av dei viktigaste komitear og formann i 9 av dei. Dette dokumenterer Sverdrups sterke posisjon seinare òg. I 1824 sa han frå seg presidentstillinga i Stortinget etter 3 dagar for skuld nedsett syn, men var president og visepresident i Lagtinget og framleis med i 5 komitear. Dette vart mykje i tillegg til professorstillinga. Men ei mektig arbeidskraft hadde han alltid. —

Han stod også nær DKNVS, nærare enn nokon av dei andre medlemmer frå Eidsvoll, især gjennom eleven og venen Frederik Moltke Bugge, som under Sverdrups lærestol i gresk og latin og sin eigen bror, kollegaen professor Søren Bugge, fekk innstilling til embetseksamen og tilbod stutt etter om å bli broren sin ettermann i eit professorat i latin — det han ikkje tok i mot. Han ville heller bli rektor ved Trondheim katedralskole. Denne venskapen viser seg tydeleg fleire gonger. Bugge heldt mykje til i Oslo sist i 1830-åra, og i 1840 til våren 1842 budde Bugge fast i Oslo og hadde mykje omgang med Sverdrup, oppglødde humanistar og nyhumanistar dei bae var, og såleis samde i deira mothug mot «realistane» med A. M. Schweigaard som den fremste talsmann. Skolen skulle avhumaniserast og ei praktisk-realistisk opplæring, «nytte-skolen», slik det etter kvart har utvikla seg, skulle kome i staden. Bugge fekk samla ei rekkje professorar

og andre til forsvar for nyhumanismen og humanistiske ideal og skipa «Filologisk Forening» i Oslo, 4. juni 1840, og vart sjølv første formannen, med professorane Vibe og Aubert i ryggen. For Bugge var dette laget noko eit vederlag for DKNVS heime i Trondheim, der han var preses 1838–50. Og som Einar *Boyesen* seier: «Det faldt naturlig at professor Sverdrup, humanismens ypperste representant ved Universitetet, ved foreningens stiftelse ble innvotert som æresmedlem» (H. Nissen, s. 30). Det skjedde ved ein festmiddag for Sverdrup. At det var Bugges framlegg, er greitt. Sverdrup var hans kjæraste lærar, og hans «sjeldne Smagfuldhed og klare videnskabelige Blik gjorde et uudslettelig Indtryk paa Ynglingens Sjæl» (Paasche, III, s. 351). Bugge heldt ved middagen ein mønstertale for Sverdrup, «der har en saa væsentlig Deel i Dannelsen og Retningen af de Interesser, der fremkalde Trangen til en saadan Forening» (Øverås: Bugge, I, s. 69 og 404, jfr. Paasche, III, s. 68–69). Paasche seier m. a.: «I Norge blev han universitetets store mand; allerede hans «Majestætiske Udvortes» gjør et dypt indtryk paa alle tilhørere, han taler «deilig latin» og har «et skjønt Organ, saa ikke et Ord falder til Jorden». Også Paasche undrar seg over «at denne aandrike lærde indskrænket sin videnskabelige virksomhet til undervisningen.» Det kan ikkje være tvil om at når Bugge valde å bli gymnasrektor i staden for lærd professor med sterke vitskaplege krav til seg på litterære arbeid, då heng det helst saman med kritikken mot Sverdrup på dette område. For båe var dei kontaktmenneske og sterkt engasjerte i å ha med unge levande menneske å gjere. Og i denne si gjerning fekk dei varig liv begge to.

Då studentane og andre æra Georg Sverdrup med eit fakkeltog om hausten 1841, var også Bugge med, og venen Wergeland, nett då svært miskjend, og berre fekk kome med avdi at ingen mindre enn den unge brorsonen til heidersgjesten, Johan Sverdrup, baud han armen sin.

Sett frå vårt selskap si side er det i dag viktig å minnst at Sverdrup, som elles fungerte som professor i filosofi dei 10 siste åra (1831–41), vart nytta av DKNVS som konsulent, først for ei prisoppgåve Bugge hadde sett opp, men måtte avgjerast medan Bugge var i Tyskland 1836–37, og sidan når det galdt prisoppgåva «Über die Freiheit des menschlichen Willens», der ingen mindre enn Arthur Schopenhauer vann den store gullmedaljen og medlemskap i selskapet vårt. Det var elles etter Bugges eiga avgjersle, for Sverdrup heldt ikkje avhandlinga for å vere særleg verdfull, ei omdøming som seinare har vore til stor ære for Bugge og selskapet. Også før Bugges tid stod Sverdrup tydeleg nok i beste kontakt med Christian Krohg i hans presestid 1820–28, han som gjorde tabben å velja inn Sverdrup for 2. gongen i 1820! Dei hadde sams politiske synsmåtar og heller nært praktisk politisk arbeidsfelleskap, kjenningar dei og måtte vere frå sams studietid i København og frå Det norske Selskab. Det var der Sverdrup og Henrik Steffens vart kjende og — Steffens som Sverdrup likte seg særst godt blant desse topp-norskpatriotiske medlemene der. I 1814 kom Krohg inn på omframstortinget om hausten, vart i november statsråd. Han var grunnlærd jurist, dosent

og professor 1800–04 i Kbh., utnemnd utan å vere spurd til professor i Oslo juni 1814, men tok ikkje i mot. Slutta som statsråd i 1818, og vart så tingmann frå Trondheim til han døydde. Sverdrup, vonbroten, han som Falsen, over Mossekonvensjon og politisk nederlag i første omgang, sa nei til attval til omframstortinget og hadde halde seg utanfor politikken — eller vart halden utanfor i nov. 1814, då filosofen prof. Niels Treschow vart statsråd i det nye kyrkjedepartement, som på ein måte hadde vore igang frå 2. mars 1814 under eit tremannsstyre av biskop Bech, Sverdrup og Treshow. Det var eit syrgjeleg val av Carl Johan og greiv Wedel, som tilrådde valet av Treschow. Han var ein god filosof, men ein slett statsråd, som vart hardare og hardare dømd dei 11 åra han var kyrkjeminister, til slutt også av Wedel. Treschow var i røynda korkje for folkestyre eller folkeopplysning, hadde jamvel i si tid motarbeid universitetssaka. *Torstein Høverstad*, som grundigast har granska hans skole- og universitetspolitikk, feller ein nådelaus dom over han som kyrkjeminister — og ikkje minst avdi at rette mannen var der: Georg Sverdrup. Det er greitt at Sverdrups stilling på Eidsvoll, hans uvilje mot sambandet med Sverige og hans nære venskap med Kristian Frederik har spela ei hovudrolle for kongen og Wedel ved denne utnemninga, men det vart m. a. grunngeve med at han var ein så framifrå og populær universitetslærer at der kunne han ikkje unnverast, — ikkje nett til ros for Treschow som altså kunne unnverast —, og dessutan også med at Treschow hadde eit større namn utanfor riksgrensene og kunne vere til større stas for riksstyret, ein blomst i knappholet. Utnemninga vart til stort tap for dei båe. Treschow miste ein god del av både ære og popularitet og øydela ei viktig tid for si filosofiske verksemd, og Sverdrup, som verkeleg kjende eit kall eller ei stor kulturoppgåve å løysa, gjekk meir og meir inn i seg sjølv og vart beisk og bitter og bitande sarkastisk ofte, ja, var jamvel inne på tanken å flytte utanlands første tida etter 1814, det truleg slektningen, professor Hersleb, fekk han ifrå. Han bar si bør for seg sjølv, men det er rikeleg med vitnemål om at bora var tung. Han ville ikkje ha minnestein og ikkje namn på grava si på Vår Frelsers Gravlund. Der vart sett berre ein stor enkel trekross, som har vore fornya, men står slik framleis. Og han let alle brev og oppteikningar brenne! Trass i ein god del heider gjennom alle år, vart denne festlege og frodige mannen uglad og tilfrosen til slutt.

Vi har nemnt at Sverdrup i 1818 og 1824 atter kom inn i politikken og spela ei svært stor rolle. Siste året samarbeidde han sterkt med trønderane Krohg og Ingelbrekt Knudssønn (sorenskrivar, bynesgut) imot Karl Johans vidjetne grunnlovsframlegg, og i mange andre saker, som det elles ikkje alltid var så greitt å fremje når det galdt Treschows kyrkjedepartement. Og han stødde og Krohgs arbeid for å hindre DKNVS å bli overflytta til hovudstaden, eit spørsmål som var framme i 1823. Argumentet var at der var Universitetet, og dermed mange lærde. Det førte til at Krohg gjekk inn for å få knytt fleire universitetsfolk til Selskapet, noko m. a. Sverdrup stødde han i.

Då A. G. Oehlenschläger i 1833 vitja Noreg, var det Sverdrup som var talar på festen for ham. Og dikteren, som minnest så lite frå denne ferda elles, set i sine «Erindringer» talen til «denne sjeldne, skjønne, kraftige Nordmand» — «ligesaa høit som en Fyrstes Ordensdekoration.» (Jfr. Høverstad, II, s. 31. Paasche, III, s. 221). Og då Sverdrup 71 år gammal søkte avskil «paa Grund af svækket Helbred,» det han fekk 25. aug. 1841 med kongeleg fråsegn om god embets-teneste og 2/3 av embetsgasjen som løn + sine hundre tunner bygg (= 300 spd) så lenge han heldt fram som bibliotekar (til 1845, 75 år gammal), vedtok Stortinget at Sverdrup skulle ha si fulle gasje, 2000 spd. berre mot 9 r., etter framlegg frå Herman Foss. Det skulle, sa Foss, vere ei takk frå Stortinget og det norske folk til «Nationalaandens og Nationalfølelsens første og paalideligste Tolk.» Dette var visseleg ein honnør Sverdrup sette stor pris på midt i sitt uglade sinn og heller tunge pessimisme. Det er sagt at det var einast i familien, særleg saman med born og barneborn at han var verkeleg glad i det seinare åra. Då kunne ein oppleve hans gamle sjarm. Vi veit òg at han gledde seg stort over fakkeltøget same året, likeeins over talane og hyllingsdiktet til hans ære, som elles ein handverkar i faget fekk laga, stud. philol. *Carl Müller* frå Trondheim, seinare rektor ved Trondheim og Oslo katedralskolar. Det skulle sjølvstundt ha vore av Wergeland, men han var bannlyst mann nett då med alt for dryge synder til å fortene nokon æresplass i hyllinga av Georg Sverdrup, som han elles sette så høgt. Nett no hadde Wergeland ny kontakt med Sverdrup, no han skreiv «Norges Konstitutions Historie». Han fekk gode råd og ymis ny kunnskap av Sverdrup, som slett ikkje såg på Wergeland som nokon «Fædrelandsforræder», det mange kalla han i desse åra — ved sida av skamlause åtak på han reint privat. Og dette galdt han som i 1833 hadde halde avdukingstalen ved statuen for Christian Krohg, og i 1834 hadde vore hovudtalar ved festen «til Fædrenes Minde» på Eidsvoll. Dei åtte mykje i lag Sverdrup og Wergeland. Den siste store æra synte kong Oskar 1. Sverdrup eit par år før han døydde. Kongen gjorde han til Kommandør av den nyskipa St. Olavs Orden «for statsborgerlig og videnskabelig Fortjeneste».

Sverdrup døydde på «sit Landsted Frydenlund ved Ullevoldsveien» (nær St. Hanshaugen) 8. des. 1850, 80 år gammal.

Dei arbeida som er skrivne om G. Sverdrup, er svært spreidde og lite fullstendige. Her er ein god del ugjort verk for ein historikar.

Det er ikkje så lett å seie så visst kva som kunne vere grunnen til at den spirituelle og mangslunne selskapsmannen og rake personlegdomen Georg Sverdrup, kjend også frå Eidsvoll som mild og venleg og svært omgjengeleg, eit retteleg kontakt-menneske, kunne stivna i ein heller ufrodig negativitet i sin dom både over seg sjølv og andre.

Det er mogleg at Sverdrups kjenslevarer sinn kan ha soge inn, i sin Sturm- und Drang-periode og under den tyske nyromantiske påverknad «mit den Spannungen des Daseins», krefter som kan ha fått ein viss etterverknad etter kvart åra gjekk, noko av «die Grenzenlosigkeit, die ruft Schmerz und Wehmut her-

vor ... So ist der romantische Mensch tragisch eisam in seiner subjektiven Innerlichkeit. In allem steckt eine schmerzliche Gegensätzlichkeit.» Endskapan kan bli at menneskeanda blir «eine erstarrte Lava eines ursprünglich lebendigen Stromes.» — «Im Herzen steckt der Mensch, nicht im Kopf», dette siste sagt jamvel av ein så uromantisk herre som sjølve Schopenhauer. (Sjå elles Schopenhauer-Jahrbuch, 1966: «Goethes Welt- und Menschenverständnis» av F. J. von Rintelen, s. 14–28)

Sverdrup var alt 54 år då han sist var på tinget, 63 år då han tala for Oehlenschläger, tvillaust enno i god form, full av slekta si friske kraft. Folk vart vanleg tidleg gamle den tida, og vart også rekna for «oldingar» i 50–60-årsalderen, såleis fleire Eidsvollsmenn. Men Sverdrup synest å ha hatt si arbeidskraft like lenge som noko vanleg moderne menneske. Det er grunn til å tru, hundre prosent idealist han var, og dessutan uvanleg labil i sitt kjensleliv og makta lite å ta nederlag kor sterkt han enn freista løyne dei, at tilsidesetjinga for Treschow og hans passive og konservative kulturpolitikk og Carl Johans samling elles omkring seg av krefter som lite svara til Sverdrups draumar og krav for fedrelandet i 1814, etter kvart har skapt eit større mismod hos han. Han var typisk for dei menneska som er mest handlekraftige i medgang, ja, som treng medgang for å falde seg ut. Han var ingen karrierejeger med vilje til makt. Det var helst nederlag for sine kjæraste ideal som sleit så sterkt på han. Det er ingen tvil om at Sverdrup var ein mann full av dei største motsetningar, i sin natur, i sin lærdom, i sitt livssyn. Han var ein vidsynt og vidreist herre bunden i opplysningstida ut frå oppseding og intellektuell kraft, etterkvart fylt av den nye klassisismen, nyhumanismen, og eit djupt lag av opplevd og gjennomlevd tysk nasjonal romantikk, som svara så godt til hans eige lynde, med dei sterke kjenslebrytingane i hans eige sinn. «Under hans rolige ytre bruste voldsomme lidenskaper, som bare fant uttrykk i bitende kritikk og gnistrende paradokser», seier Sverre Steen. Steffens såg Sverdrup som sin beste ven i Noreg. Både elska dei Noreg framom alt — ikkje noko drag var fastare og heilare i Sverdrups liv enn hans nordmannskap, det galdt norsk natur, norsk historie, norske segner og viser og nordmenn — berre møtet med ein norsk bonde i København kunne gjere han stolt og varm: «For en forstandig og interessant Person!» Vi skjønner Sverdrup var fødd til Eidsvollsverk. Det var hans natur å handsama alle som likemenn — vi hugsar òg soga om bonden som køyrde han til Eidsvoll, og bad Sv. hugse på at Gud var attåt, det Sverdrup knapt var det minste i tvil om i arbeidet sitt dette hendingsrike året 1814, endå nærast rasjonalist han var, ein som Grundtvig vona å snu til sin milde og lyse kristendom.

Sverdrup var lite produktiv. Det var på kateter og talarstol han imponerte, og først og fremst hørde heime. Førelsingane hans alt i universitetstida hans i Danmark vart karakteriserte av elevane hans som «ren Forlystelse». «Hans Hoved og hele hans Væsen blev næsten en Typus for Geniet fra Sturm- und Drangtiden», seier ein dansk student. «Sverdrup var genial og livlig, men altfor hastig, og hadde nu allerede Hovedet fuldt af Norge.» Han var heite sitt liv ein

imponerende person, med eit uvanleg levande og vakkert andlet, var «ageleg og med eit hovud hårvakse som ein Zeus», seier C. W. Schnitler (s. 254, 1814). Og Wergeland seier: «Dybsind og Selvfølelse laa i hans Udvortes, hvis antikædle Profil harmonerede saa vel med hans klassiske Lærdom.» Andreas Munch karakteriserte hans litterære tolking som «aandfuld og skjøn». Den danske filosofivikaren for Treschow kring 1830, elles nokså misnøgd med kollega Sverdrup, finn at enno (1831) «virket han paa studentene; den blege mand med ildøinene og den dybe røst var fremdeles en vækker i norsk kulturliv.» Det var ikkje berre Grundtvig som skreiv dikt til Sverdrup, «Til min Sangfugl», men også salmediktaren Landstad, som også var Sverdrups elev og sterkt merkt av han. I minnediktet sitt i 1850 seier han m. a.:

«Det blæser koldt i Skoven nu af Søndenvind,
og Taage tung af Graad og Gru sig velter ind,
Det grysser gjennom klaket Kvist for Bøyg og Brist; »
vantrevet vokser Furuklyngen
og Fuglen smutter under Lyngen.

— — — —
Græd kun din Taare, mørke Gran, og strø dit Bar!
thi mange tror jeg ei som han igjen du har.
I Nordmands Fylking fremst han skred,
se op og bed
om Kraften, Farven, som er falmet,
om Emmingstræ saa stærkt og malmet — —
Vor Saga har for slig Bedrift
en gylden Skrift»

Og denne «gyldne Skrift» er forma av så mange av historikarane våre, no sist av Torstein Høverstad og Halvdan Koht, av Arne Bergsgård, av Sverre Steen og mange andre, såleis også tolka idag av DKNVS. Ingen norsk historikar kjem forbi Georg Sverdrup, ikkje ein skolebokforfattar ein gong. Men endå så freistande ei oppgåve det måtte vere for ein historikar å ta for seg eit så problematisk menneske, ein åndsmann så mangsidig og truleg med rikare kunnskap om både norsk og europeisk kulturliv enn nokon annan her heime den gongen, og med ein nasjonal-demokratisk førarskap på Eidsvoll, som vart så avgjerande for oss, dels også i det næraste samarbeid med menn som Falsen og prins Kristian Frederik, så har enno ingen våga seg på denne oppgåva. Ho synest å ha vore for kravfull. Det er liksom det bur mange menn i denne eine, så komplisert er han, bortsett frå det vi kan samla i Eidsvolls-lina hans, der først brorsonen Johan Sverdrup sette i gang med arvtakars politiske ansvar for farbroren sin draum og lengsel for det Noreg som kome skulle.

KJELDER:

- Professor Georg Sverdrup har, som eg nemner i foredraget, ikkje fått noka større samla framstilling av sitt mangsidige og rike liv, men inga norsk historiefremstilling, stor eller liten, som har med 1814 eller framskotne menn frå denne tida å gjøre, kjem forbi i allefall hovudpunkta i Sverdrups livsgjerning. Derfor finn eg her berre i reine undantakstilfelle det naudsynt å gje sidetilvisingar til noko verk. Såleis fører eg opp berre sjølv kjeldene eg har nytta. Store verk har jamnast alfabetiske nemnelister, og det er såleis lett å finne fram til Sverdrup i dei.
- J. B. HALVORSEN: Norsk Forfatter-Lexikon, V, s. 538–46 finn ein det viktigaste biografiske stoff + liste over Sverdrups litterære arbeid. Han var ikkje særleg produktiv; det meste gjeld klassisk filologi.
- FR. BARFOD har ein noko større Sverdrup-biografi i Skandinavisk Folkekalender i 1845, s. 121–141.
- P. BOTTEN-HANSEN ein biografi i Nordmanden, 1855, nr. 1.
- LUDVIG DAAR ein lengre biografi i Morgenbladets Extranummer i 1896, nr. 8, 10, 11, 12, 14, 41 44, 46 og i 1897 nr. 21.
- Dessutan kjem ei rekkje nekrologar i avisene då Sverdrup døydde 8. desember 1840.
- TALLAK LINDSTØL: Stortinget og statsraadet 1814–1914, bI 2, s. 855–56.
- CLAUS PAVELS dagbøker frå åra 1812–22 og hans autobiografi har ei mengd opplysningar om tida sine fremste menn, og ikkje minst om Sverdrup, ofte sterkt «delikate» opplysningar. Også andre framskotne menn i samtida, m. a. Eidsvollsmenn t. d. Fr. Schmidt, P. Motzfeldt og Nicolai Wergeland har i dagbøker, brev og oppteikningar elles ei mengd stoff som vedkjem Georg Sverdrup. Eg må her vise til Halvorsens Norsk Forfatter-Lexikon.
- KRISTIAN FREDERIKS dagbøker og optegnelser 1799–1814.
- CARL W. SCHNITLER i verket Eidsvoll 1814 (Cappelen, 1914) har ei verdfull liten skildring av G. Sv., s. 254–260. Der har vi òg det staselege biletet av Sverdrup, pastell av Chr. Hornemann.
- INGVAR NIELSEN: Bidrag til Norges Historie 1814, b. I. Her er også Jørgen Aalls dagbøker frå 1814. prenta.
- MARTIN ARNESEN og J. SVERDRUP: Slægten Sverdrup. Kra. 1885, med tillegg av E. A. THOMLE i Personahist. Tidsskrift, 4. R. II.
- HALVDAN KOHT: Johan Sverdrup, b. I, s. 14–42 om «Ætten og familien, om Georg Sverdrup særleg, s. 27–30.
- 1814. Norsk Dagbok hundre aar etterpaa (1914), sjå særleg s. 79, 82–86, 204–206 og 224–226 (om 16. og 17. mai 1814).
- TORSTEIN HØVERSTAD: Norsk Skulesoga, 1814–1842, b. II, s. 29–45: «Georg Sverdrup og den norske skulen», jfr. s. 1–28: «Niels Treschow og opplysningsarbeidet».
- ARNE BERGSGÅRD: Året 1814, I og II, sjå særleg I, s. 194 fg. og 239 fg.
- JACOB AALLS: Erindringer som bidrag til Norges Historie 1800–1815, I–III.
- FREDERIK PAASCHE (og F. Bull): Norsk Litteraturhistorie, III, særleg s. 68–71.
- ASBJØRN ØVERÅS: Frederik Moltke Bugge, I–II, sjå namnereg. i b. II, især I, s. 403 fg (om Philologisk Forening og festmiddagen for Sverdrup) og II, s. 254 fg (om Sv.–Bugge og Schopenhauers avhandling 1839).
- Jfr. Schopenhauer Jahrbuch, utgj. av Schopenhauer-Gesellschaft, 1961, s. 101–109. Referat ved Dr. Frantz Mockrauer av eit lite meiningsskifte om Sverdrups stilling til prisoppgåva til Sch. mellom prof. Midbøe og Asbjørn Øverås + eit innlegg in extenso av A. Ø.: Sverdrup und Schopenhauer, s. 106–08.
- EINAR BOYESEN: Hartvig–Nissen, s. 30.
- HANS MIDBØE: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Historie, I, s. 388–98 om Schopenhauer–Bugge–Sverdrup, og s. 247 fg. om flyttefreistnaden av DKNVS til Oslo.
- SVERRE STEEN: Det frie Norge, 1814. Steens karakteristikk av Sverdrup s. 146 fg.

BERNT A. NISSEN: Vårt folks historie, VI, sjå namneregisteret, s. 102 om valet av Treschow til kyrkje- og undervisningsminister, som «viste seg imidlertid å være mindre heldig» — han var tilrådd Carl Johan av Wedel, finansminister og leiande statsråd. Og så heiter det vidare: «Den gamle beundrede filosof var ingen administrator. Wedel hadde først tenkt på professor Georg Sverdrup, som i enhver henseende ville blitt en pryd for regjeringen, men fant at Sverdrup var uunnværlig på universitetet.»

Riksforsamlingens Forhandlinger I, ved sorenskriver ARNET OLAFSEN.

Riksforsamlingens Forhandlinger II, ved ARNET OLAFSEN og KR. BIRCH-REICHENWALD — Det Sverdrup-Berghske Grunnlovsutkast, s. 203-213.

Riksforsamlingens Forhandlinger, III, ved TYCHO C. JÆGER.

Riksforsamlingens Forhandlinger, Tillægsdel, ved TYCHO C. JÆGER.

A. MUNCH: «Mindedigte». s. 50 fg., prenta i 1873.

M. B. LANDSTAD: Minnedikt i hans «Sange og Digte», s. 273-276.

N. F. S. GRUNDTVIG: Poetiske Skrifter, III, s. 26-31 og 397-410, særleg s. 405 — med «Roskilde-Rim til Hersleb og Sverdrup».

H. J. THUES dikt til Sverdrup ved æresmiddagen for han i Philologisk Forening 30. okt. 1840 i hans «Efterladte Arbeider», s. 28-30.

CARL MÜLLERS (rektor ved Trondheim og Oslo katedralskolar seinare) dikt til Sverdrup + referat av talen Sv. heldt ved fakkeltøget for han i Den Constitutionelle, nr. 258, 184).

H. STEFFENS: Was ich erlebte, IX, s. 189.

Ein større strid om Sverdrups litterære og politiske fortener, knytte til namna A. MUNCH og A. B. STABELL, sjå Den Constitutionelle 1842, nr. 291, 295 og 300 + Morgenbl. 1842, nr. 289, 292, 293, 297, 301, 303 og av M. SVERDRUP i 298.

Schopenhauer-Jahrbuch, 1966: «Goethes Welt- und Menschenverständnis», s. 14—28, av F. J. von Rintelen.